

Hjelmeland Arbeidarparti sitt valprogram for 2015 – 2019.

Til veljaren:

Hjelmeland Arbeidarparti er eit moderne parti som tek modige, rettferdige og solidariske vedtak i ein stadig skiftande og hektisk kvardag. Me vil oppretthalda eit sterkt lokaldemokrati, i neverande Hjelmeland kommune – kor alle innbyggjarane har ei stemme. Me vil at innbyggjarane skal kunne leve gode liv der dei bur. Det er difor viktig at me støttar opp om ynskja om busetting og utvikling i eiga bygd. Me ynskjer at borna og ungdommane våre vel å busette seg i kommunen når dei blir vaksne. Me må difor bidra til at det fins varierte fritidstilbod til dei, medan dei er born og ungdom. Sjølv om me kjem nærmere Stavanger, så ynskjer me at enda fleire arbeidar i kommunen. Me må difor følgje med på det som skjer i næringslivet og i samfunnet for å kunne halde tritt med utviklinga. Det er viktig at me kan bidra til å sikra ei trygg og god alderdom for dei som blir eldre, og me må sjå på nye måtar for å gjøre tilboden betre. Både innan pleie – og omsorg, men også gjennom aktivisering og hjelpe til å klara seg på eigenhand. Me vil at dei kommunale tenestene skal vera på nivå med kommunar det er naturleg å samanlikna seg med. Me vil at alle saker av lik karakter blir handsama likt og særinteresser skal ikkje råda. Me er for ei god arealforvaltning til ulike utbyggingsføremål, og ei restriktiv utnytting av sårbare område som t.d. strandsona.

I neverande periode har me til dømes:

Sagt JA til utbygging av nye barnehagar i Årdal og Fister

Sagt JA til å oppretthalde av ei best mogleg SFO ordning kvar gong dette har vore til behandling

Sagt JA til sommaropen barnehage

Sagt JA til at ungdommane skal kome seg trygt heim med ungdomstaxien heile døgnet

Sagt JA til dagcenter for dei eldre i kommunen

Sagt NEI til forskjellsbehandling i gebrysaker

Sagt NEI til store bidrag i form av kommunale midlar til private investeringar, mellom anna

Burmavegen

Hovudmål for perioden 2015 – 2019:

Me vil:

At Hjelmeland skal halde fram som eigen kommune og om nødvendig krevje folkeavstemming.

Styrka kommuneøkonomien og redusere gjeldsgraden per innbyggjar

Sikra gode oppvekstvilkår for barn og ungdom

Sikra framdrift på samferdsleprosjekt knyt til RV13

Økonomi og forvaltning

Me vil:

Tenkja og handla langsiktig i høve til økonomiplanar og langsiktige arealplanar

Ha høg terskel for å kunna ta opp økonomiske og arealmessige dispensasjonssaker

Stabilisera/redusera driftsutgiftene i kombinasjon med auka driftsinntekter for å betre den økonomiske handlefridomen (til dømes: nedbetaling av gjeld)

Ha budsjettdisiplin og fylje opp vedtekne budsjett

At kommunen i hovudsak skal stå for drifta av dei kommunale tenestene, for å kunne halde kostnadsnivået nede og å byggja opp eigen fagkompetanse og kapasitet

Auke inntekter frå havbruksnæringa med konsesjons – /arealavgifter som kjem kommunen til gode.

At offentlegheitslova skal handsamast strengt

Ha streng kontroll og stor openheit i høve midlar som ikkje går til kommunale formål.

Kommunal organisering

Me vil:

Sikra god drift av primæroppgåvene til kommunen
Sikra ein effektiv communal organisasjon
Samarbeide med andre kommunar når det formålstenleg og kompetansehevande
Oppretthalda eit godt tenestetilbod på helsehuset
Vidareutvikle folkehelsearbeidet i kommunen
Gratis tryggleiksalarm
Styrke dagsentertilbodet i kommunen
Ha spesielt fokus på dei eldste sitt behov for pleie – og omsorgstenester

Næringsliv og arbeidsplassar

Me vil:

Støtte opp om landbruket i kommunen ved å stimulere til auka matproduksjon og nydyrkning.
Stimulere til auka skogbruksaktivitet, mellom anna gjennom å styrka rådgjevingstenesta
Bidra til å vidareutvikle eksisterande næringsliv, og legge til rette for nye arbeidsplassar.
Bidra til meir likebehandling av dei lokale bedriftene
Sikra tilgang på ledig næringsareal.
Støtte opp om tiltak som bidreg til å sikra gode løns og arbeidstilhøve og unngå sosial dumping.

Bustad:

Me vil:

Legge til rette for rimelege bustadtomter i heile kommunen
Sjå på ordningar for å sette i gong «leige til eige» prosjekt for ungdom
Satsa på kommunale badeplassar og turstiar i nærmiljøet.

Samferdsle og infrastruktur

Me vil:

Vera ein pådrivar for ei fergjefri strekning med gul midtstripe på RV13 frå Stavanger til Røldal
Vera ein pådrivar for ei vidareføring av tunnel mellom Vatne og Årdal.
Rusta opp det lokale vegnettet.
Ha nye trafikksikringstiltak med m.a. gang og sykkelvegar
Vera ein pådrivar for å sikra eit best mogleg kollektivtilbod i heile kommunen, og mot Stavangerregionen
Arbeida med siktet å få til ny parkeringsplass ved Sandvatnet (Lyngsheia).
Ta vare på dei kommunale kaiområda, og gjere desse til miljøfaktorar både for lokalsamfunn og tilreisande til kommunen
Sikra innbyggjarane god tilgang på mobil og breibandtenester.

Barn og ungdom:

Me vil:

Sikra eit godt skule, SFO og barnehagertilbod for alle
Vera ein pådriver for at dei unge får lærlingplass i sitt lokalmiljø
Oppretthalda kulturskulen
Støtte opp om tilrettelegging av fritidsaktivitetar for barn under skulepliktig alder
Støtte opp om fritidstiltak for barn og ungdom
Forbetre tilbodet med kommunal ungdomsklubb
Bidra til fleire kulturarrangement for ungdom i eigen kommune
Forbetre og vidareutvikle ordninga med ungdomstaxi

Miljø og kultur:

Me vil:

Sikra kulturminna våre.
Oppretthalda Frivilligsentralen.
Støtte opp om organisasjonslivet i kommunen
Ha fokus rundt miljøspørsmål knytt til havbruk